

ÅRSMELDING 2016

FOR

NORDHORDLAND TURLAG



Nordhordland Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



1. ORGANISASJON

Styret:

Leiar: Øyvor Haldis Larsen

Nestleiar:
DNT Ung/ Opptur: Beate S. Korsøen

Kontakt mot Barnas
turlag og Padlegruppa: Kari Birkhaug

Onsdagsturer/Kurs-
og arrangementer: Jørgen B. Mowinckel

Sti/Merking/Hytter: Stein Markussen

Heimesider/FB, Sherpa,
Profileringsklede, Annonser: Anne Helen Eidsheim

Kasserar, referent: Marte Sleire Hatlevik

Revisor : Ingmar Hindenes

Valnemd: Arne Berg (leiar), Merete Brundtland, Kristen Risnes

Hyttestyrer:

Kalvedalen: Margrete Myking (leiar), Anne Gro Salvanes, Bjørn Rune Kvinge, Jane Britt Daae

Skavlabu: Lillian Aakre (leiar), Åse Marit Kalhovd og Johnny Wallem

Vardadalsbu: Kari Sauer (leiar) og Geir Nilsen

Sti-og-merke nemd: Stein Markussen (leiar), Jan Ivar Berge, John Ove Hindenes, Malvin Toft, Kjell Hølleland, Atle Bondevik og Wigdis Haugen

Turprogramnemd: Kari Birkhaug, Åse Karin Gaulen og Sigrid Bergsvik

Naturvernutval: Birger Tomasgard, Asle Hindenes, Øyvind Vatshelle, Aslaug Aalen

Barnas Turlag
Nordhordland: Linda Fongaard (kontaktperson mot NH Turlag)

Barnas Turlag
Masfjorden: Lene Hansen Kvamsdal (leiar)

DNT Ung
Nordhordland: Knut Espetvedt (leiar)

2. ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2016

Turlagsåret 2016 har vore eit godt turlagsår og aktiviteten i styret har hatt fokus på å halde laget sine aktivitetar i gang. Som samfunnsaktør, har vi stilt på møte som er relevante for tur(lags)aktiviten i Nordhordland.

Styret 2016 har bestått av:

Øyvor Haldis Larsen, leiar

Beate Slettemark Korsøen, nestleiar; kontakt med ungdomsgruppa og med Opptur

Marte Sleire Hatlevik, kasserar; sekretær

Anne Helen Eidsheim, annonseansvarlig; profileringsklede; Sherpa

Kari Birkhaug, leiar i programnemnda; kontakt mot Barnas turlag og padlegruppa

Jørgen Mowinckel, kurs- og arrangementansvarlig; kontakt med onsdagsturgruppa

Stein Markussen, leiar i sti og merkenemnda, hyttestyrekontakt.

Styret har hatt 11 styremøte; leiar og nestleiar har hatt 4 møte i forkant av styremøte, samt kontakt på mail/ tlf. Det årlege haustmøtet 2. november vart ein suksess med strålande oppmøte; heile **103** deltok, og det er ny rekord! Det har vore eit godt arbeidsår i Nordhordland Turlag, der vi har teke del saman med andre om ulike aktivitetar og arrangement.

På landsmøtet i juni Lom stilte Kari Sauer

På fellesmøtet i november på Bømlo stilte Beate S. Korsøen og Øyvor Larsen.

Ved anledning har vi deltatt på Bergen og Hordaland (BHT) sine månedlege videomøte ved å møte i Marken 2 gonger

Styresamling i Stordalen i januar 2017, der 5 møtte.

Medlemsutviklinga har vore positiv, og NH Turlag har pr 31.12.16: **1871** medlemmer.

Saker styret har jobba med:

- Turleiaroversikt i laget; oppfølging av turleiarar
- Turprogramarbeid i laget
- Turleiarutdanning/ kurs

To Ambassadørkurs; på Hosteland og i Knarvik, med Øyvor.

Grunnleggjande turleiarkurs i Knarvik/ Åsane med Rita Mathisen og Jane Britt Daae.

Kart og kompass-kurs, del 2, - i Knarvik med Øyvind Eikefet

- Samarbeid med lokalavisene
- Deltok i møteutval for ny Idrettsplan for Lindås kommune, kor vi fekk inn meir om friluftsliv i planen, enn det kommunen sjølv hadde tatt inn.
- Profileringsklede
- Samarbeid med andre lag/ organisasjonar :
Musikkens Venner; Knarvikmila; Røde Kors; Besteforeldrenes miljøaksjon m.fl.
- Positiv kontakt med Lindås Turlag om bruken av TURLAG-namnet
- Saker frå styremedlemma sine ansvarsområde:
økonomi; turprogram; sti- og merkearbeid; hyttene våre; miljøarbeid
- Oppstart av ei ressursgruppe i laget
- Dugnadstimeoversikt
- Bruk av midla etter kollekt ved gravferd i oktober 2013
- Kom deg ut-dagen februar 2017

3. MEDLEMSSTATISTIKK


| | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 |
|---------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Familie hovud-medlem | 87 | | | | | | | |
| Familiehusstand | 322 | | | | | | | |
| Hovudmedlem | 627 | 714 | 742 | 718 | 742 | 770 | 770 | 745 |
| Student/Ungdom (19-26 år) | 62 | 59 | 45 | 50 | 40 | 45 | 38 | 31 |
| Honnør | 194 | 192 | 184 | 176 | 163 | 152 | 137 | 127 |
| Husstand | 299 | 355 | 344 | 328 | 308 | 315 | 305 | 292 |
| Barnas Turlag (0-12år) | 177 | 294 | 262 | 234 | 220 | 215 | 205 | 177 |
| Livsvarig husstand | 2 | 3 | 2 | 2 | 2 | 3 | 4 | 3 |
| Skuleungdom (13-18år) | 101 | 118 | 120 | 101 | 89 | 93 | 89 | 76 |
| TOTAL | 1871 | 1798 | 1699 | 1609 | 1564 | 1593 | 1548 | 1451 |

4. AKTIVITETAR

| | 2016 | | | 2015 | | | 2014 | | 2013 | | 2012 | | 2011 | | 2010 | |
|-------------------------------|----------|----------|-----------|----------|----------|-----------|----------|-----------|----------|-----------|----------|-----------|----------|-----------|----------|-----------|
| | Pl. lagt | Gj. ført | Ant. delt | Pl. lagt | Gj. ført | Ant. delt | Gj. ført | Ant. delt | Gj. ført | Ant. delt | Gj. ført | Ant. delt | Gj. ført | Ant. delt | Gj. ført | Ant. delt |
| Helgetur | 2 | 1 | 8 | 6 | 6 | 64 | 7 | 60 | 6 | 65 | 4 | 49 | 3 | 44 | 5 | 82 |
| Dagsturar | 21 | 17 | 313 | 18 | 18 | 365 | 19 | 339 | 13 | 242 | 13 | 361 | 19 | 243 | 21 | 297 |
| Veketur | 0 | 0 | - | 0 | 0 | - | 0 | - | 2 | 23 | 0 | 0 | | | | |
| Barnas Turl.: B.T. Masfj.: | 12 | 12 | 910 | 17 | 17 | 1378 | 22 | 1244* | 20 | 1509 | 22 | 1135 | 12 | 948 | 15 | 1082 |
| Onsdagstur Lindås | 21 | 21 | 1050 | 21 | 21 | 816 | 21 | 687 | 21 | 773 | 211 | 626 | 21 | 807 | 21 | 680 |
| Onsdagstur Masfjorden | 21 | 21 | 1050 | 21 | 21 | 376 | 21 | 387 | 21 | 563 | 21 | 718 | 21 | 695 | 21 | 377 |
| DNT Ung | 5 | 4 | 44 | 7 | 5 | 35 | 6 | 44 | 5 | 55 | 3 | 63 | 3 | 47 | | |
| Padleturar | 15 | 15 | 149 | 15 | 15 | 107 | 15 | 119 | 15 | 120 | 15 | 121 | 15 | 90 | 14 | 67 |
| Kurs | 6 | 4 | 50 | 3 | 3 | 44 | 0 | - | 2 | 14 | 3 | 36 | 2 | 18 | 3 | 50 |
| Turleiar samling | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 16 | 1 | 56 | 1 | | 1 | 16 | 1 | 20 | | |
| Haustmøte | 1 | 1 | 103 | 1 | 1 | 28 | 1 | 60 | 1 | 80 | 1 | 30 | 1 | 17 | | |
| Styremøte | 11 | 11 | 86 | 12 | 12 | 72 | 12 | 66 | 12 | 62 | 9 | 54 | 10 | | 8 | |
| Årsmøte | 1 | 1 | 43 | 1 | 1 | 33 | 1 | 40 | 1 | 40 | 1 | 50 | 1 | 85 | 1 | 110 |
| Fjellfest | 0 | 0 | - | 0 | 0 | - | 0 | - | 0 | | 1 | 25 | | | | |
| Opptur | 1 | 1 | 400 | 1 | 1 | 410 | 1 | 438 | 1 | 400 | 2 | 450 | 2 | 460 | 2 | 410 |
| TOTALT | | | | 128 | 126 | 3929 | 127 | 3540 | 121 | 3946 | 117 | 3734 | 111 | 2239 | 111 | 1694 |

5. HYTTER

| | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | 2007 | 2006 |
|-------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Kalvedalen | 323 | 448 | 367 | 321 | 503 | 342 | 434 | 506 | 401 | 322 | 333 |
| Skavlabu | 400 | 253 | 360 | 303 | 278 | 322 | 453 | 316 | 523 | 251 | 367 |
| Vardadalsbu | 279 | 180 | 290 | 285 | 216 | 270 | 250 | 215 | 334 | 253 | 342 |



6. REPRESENTASJON/ROLLER

Medlemmer i Nordhordland Turlag i ulike roller og på representasjonsoppdrag:

- Børge Brundtland sit i Landsstyret for DNT
- Jan Ivar Berge (stinemda) er med i utval for ruter og bruer i BHT
- Birger Tomasgard er med i Redaksjonsutvalet for Sti og Varde
- Bjørn Olav Hagesether sit i Hedersteikn-utvalet i BHT.
- Linda Fongaard jobbar i turinformasjonen i BHT
- På fellesmøte hos BHT i mars var Øyvør og Anne Helen.
- På Landsmøte til DNT i Lom i juni var Kari Sauer med.

- På Fellesmøtet til BHT på Bømlø i november var Øyvør og Beate med fra styret. Børge var også med.

7. SLUTTORD

- I 2017 ønsker vi i styret å fremme regionen vår gjennom media. Vi vil synliggjøre arrangement for byfolk og striler. Vi vil be BHT i Marken være med og få fram at det er flotte løyper og skitrekk i Stordalen; at Bjørn West-marsjen er god som en 4- eller 7-fjellstur; at kano og kajakk har supre forhold og områder i Nordhordland; at det er gode opparbeidede løyper langs veger i hele området. I tillegg jobber vi sammen med Marken om å få opp besøkstallene på hyttene våre i Stølsheimen
- Arkivet til turlaget er oppbevart i leid lokale i NBK- brakka i Knarvik. Det er OK, men drømmen om et eget lokale til plass av utstyr lever videre. Vi er i kontakt med Frivillighetsentralen om kontakt med andre interessenter.
- Ellers jobber vi videre med å få i stand en klatre/ aktivitetspark nær løypa rundt Lonene/ Brekkeløypa. Målet er å få så mange som mulig ut i naturen. Dette vil bli et samarbeidsprosjekt med Knarvikmila.
- Gjennom miljøgruppa vår vil vi fortsette å følge med og kommentere utviklinga i våre områder. Nærmest akkurat nå er utbygningsplaner for Lonena i Knarvik, der gruppa har sendt uttale og vil stille på møter.
- Turlaget vil fortsette å ha opplegg på KOM DEG UT-DAGEN i februar hvert år. Det første nå er 5.2. 2017 med tilbud på Håøy til alle som vil gå tur, grille pølser og være ute. Ulike aktiviteter for store og små.
- Styret ser positivt på samarbeid med andre aktører, og vil fortsette å vurdere positivt henvendelser som dukker opp.

Øyvør Haldis Larsen (Sign.)

Beate S. Korsøen (Sign.)

Anne Helen Eidsheim (Sign.)

Jørgen Mowinckel (Sign.)

Kari Birkhaug (Sign.)

Stein Markussen (Sign.)

Marte Sleire Hatlevik (Sign.)

Årsrapport 2016 frå Kalvedalen:

På dugnaden i 2016 var me 5 personer, + hjelparar i Stusdalen. Me hadde ikkje ved opp lår, så det må opp i 2017. Vanleg dugnadsarbeid vart utført+ at me fekk beisa sørveggen, og malt pipa. Ellers har me vore oppe nesten kvar mnd.for tømning av safe/tilsyn.

Total dugnadstid: 180 timer

Årsrapport 2016 frå Skavlabu:

2016 har vore varierende, byrjinga av juni var fin sumar og seinare ein flott haust.

Dugnadstur 4 juni vart det utført mearbeid nybygg sikringsbua.

Arild Kleiveland har retta oppatt tak sikringsbu etter skade 2015.

Johnny Wallem har utført murarbeid sikringsbu.

Dugnadshelga(siste i juni) var ikkje været på vår sida,likevel vart dugnadsarbeid utført av godt mannskap.

Mearbeid hovudhytta og sikringsbu vart utført i haust.

Etter ein heller våt sumar,med tørr og fin haust har me hatt godt besøk på Skavlabu dette året.

Total dugnadstid: 500 timer

Årsrapport 2016 frå Vardadalsbu:

Vardadalsbu har i 2016 hatt 229 besøkende og 279 overnattinger pr medio oktober.

Tilsyn har blitt utført 4 ganger. Dugnaden siste helg i juni gikk fint, med 5 stk. flinke dugnadsfolk. Vi fikk beiset hele sikringsbua og to vegger på hovedhytta, i tillegg til de vanlige oppgaver med vasking, proviantering m.m. Materialer til den planlagte, veggfaste benken kom inn med helikopter, men da helikopteret kom så sent rakk vi ikke så mye i den omgang Det ble jobbet videre med benken under vinterklargjøringen i oktober, men det står fremdeles noe igjen her.

Den nye kuttekniv for opptenningsved fungerer bra! Det er montert opp skilt som viser vei til Norddalshytta og det er montert reflekser på hytta, til hjelp om man ankommer etter mørkets frambrudd med hodelykt.

Total dugnadstid: 380 timer

Årsrapport frå Løypegruppa 2016 (Sti- og merkenemda):

Oversikt over løyper vi har ansvar for:

Andvik - Kalvedalen

Kvingo - Kalvedalen

Stussdalen - Kalvedalen

Stussdalen - Olsbotn

Olsbotn - Dyrkoldbotn Leirskole

Olsbotn - Dyrkoldbotn gard (denne bør gjerne legges ned)

Dyrkolbotn Leirskole/E39 - Skavlabu

Skavlabu - Mo

Skavlabu - Svartavatnet/demning (ettersett og sjekket i 2016)

Skavlabu - Vardadalsbu via Skjerjevassryggen

Vardadalsbu – Stordalen (strekningen Bukkedalsvatnet-Fjellvassbu er ettersett

Vardadalsbu - Steinsland via Kvernhusbotn

Vardadalsbu - Vestrebotn, og videre ned li langs elven til stidele ved sti fra Steinsland til Nordalshytten

Kringla – Stordalen (lagt om og ordnet i 2015)

Broer som legges ut vår og tas inn høst:

Bro i Kvernhusbotn, Bro i Vestrebotn

Vi har også en bro ved Insta Sjørdalsvatnet, på stien mellom Dyrkoldbotn og Skavlabu, men den ligger ute om vinteren.

Dugnad Sti- og merkenemda 2016:

Sesongen 2016 har vært våt, og det har gjort merkejobben vanskelig for gruppa. Men noen strekninger er blitt gått over i år. Det er Bukkedalsvatnet - Fjellvassbu og Svartavatnet - Skavlabu - Lensmannshytta.

Årsrapport 2016 frå Padlegruppa:

Alle 15 turane er gjennomført, 14 kveldsturar og 1 søndagstur. Dårlig sommarver, men stort sett bra om torsdagskveldane.

Antall deltakarar har variert frå 7 til 13. Til saman 149 stk, ein bra auke. I snitt 10 personer pr tur.

I år står 25 navn på lista, fleire nye. Det har vore uhell (velt) i år og. Då er det greitt att me har redningsøvelser. I år hadde me øvelse på tur 16.juni i Kjekallevågen med 10 deltakarar, kor 8 deltakara gjennomførte eigenredning og kameratredning. I år som i fjor besøkte me Osterøy, turen var frå Vikanes til Heimvik. Sesongen avslutta me fredag 16.09 2016, med visning av bilder, planlegging av turar for 2017 og snittar og kake i kjellarstova til Per Løddøen.

Antal dugnadstimar: 82 t



Årsrapport 2016 frå Barnas Turlag Nordhordland:

Turveiledere:

Linda Fongaard, Elisabeth Heradstveit, Cecilie E Lærkerød, Hogne Brunborg, Ingunn Halland, Vibeke Haukeland, Ingebjørg Pollen, Aina Nepstad, Marit Eldhøy, Thomas Lilletvedt, Astrid Aakvåg, Hilde Langeland Johansen.

I 2017 har følgende turveiledere valgt å trekke seg fra Barnas turlag da deres barn har blitt eldre og de ikke lenger ønsker å være turveiledere: Ingebjørg Pollen, Astrid Aakvåg, Ingunn Halland, Aina Nepstad. Barnas Turlag takker dem for flott innsats i de årene disse har deltatt i Barnas turlag.

Vi jobber med å rekruttere flere turveiledere og har hatt et rekrutteringsmøte som ble annonsert i avis og på nett. Vi har klart å rekruttere Benedikte (vet ikke etternavnet) og Thomas Lilletvedt og Ida Nydegger som vil ha en mer administrativ rolle.

| DATO | TEMA - TURSTED | ANTALL BARN OG VOKSNE | TURLEDERE |
|-------------|---|------------------------------|---|
| 26.01.16 | Kveldsmattur til Tveiten – oppmøte ved helselaghuset | 9 barn | Linda Fongaard og Ingebjørg Pollen |
| 07.02.16 | KOM DEG UT dag gamleskolen I Knarvik | 40stk | Aina Nepstad og Marit Eldhøy |
| 13.03.16 | Hopsdal | 25 barn og voksne | Linda Fongaard, Marit Eldhøy og Vibeke Haukeland |
| 17.04.16 | Tur til Brakstadvfjellet | 40 barn og 25 voksne | Hogne Brunborg og Astrid Aakvåg |
| 01.05.16 | FINN FRAM dagen i samarbeid med orienteringsgruppa | Ca 100 | Hilde L Johansen og Cecilie E Lærkerød |
| 29.05.16 | Tur til Otterstadstølen | 49 stk (25 barn) | Ingebjørg Pollen og Astrid Aakvåg og Ingunn Halland |
| 28.08.16 | Tur til Hallandsvatnet | Ca 60 | Hogne Brunborg og Ingunn Halland |
| 04.09.16 | KOM DEG UT dag på stand i Knarvikmila- leker og turbo | Ca 300 stk innom standen | Cecilie E Lærkerød og Linda Fongaard |
| 26.09.16 | Kanopadling – turtipp til Bruvoll camping | 110 personer | Cecilie E Lærkerød og Vibeke Haukeland |
| 6.10.16 | Lommelykttur til Austmarka | 20 barn – 20 voksne | Thomas Lilletvedt |
| 27.10.16 | Kveldsmattur til Fisketangen | 8 barn – 4 voksne | Aina Nepstad og Ingebjørg Pollen |
| 18.12.16 | Juletrehogst på Kvamme | Ca 100 | Hogne Brunborg, Ingebjørg pollen og Anita Aakvaag |

Våt juletrehogst på Kvamme i desember – Barnas Turlag Nordhordland



Årsrapport Barnas Turlag Masfjorden 2016

2016 har vore eit aktivt år for BTMasfjorden. Me har i år fått fleire aktive turleiare og fleire medlemmer. Me treng framleis fleire turleiare og engasjerte vaksne, men dette arbeider me vidare med i 2017. Me har ikkje fått til å ha så mange turar som me ønsker/skal ha, men trur at det skal gå fint i 2017. Me har veldig god oppslutning på turane våre og deltakarane er veldig fornøyde. På ein liten plass er me veldig sårbare ved andre arrangement på samme dag. Det var derfor ein tur som gjekk ut pga anna stort arrangement.

Ei lita oppsummering over turane våre:

7.februar hadde me kom deg ut dag i skitrekket i Stordalen. Dette var eit fellesarr. Med BT Gulen. Då var det ski og leik og mat som stod på programmet. YST ung hadde flinke ungdommer som hjalp barna i barnetrekket. Det var ca 150-200 personer med.

24. april gjekk me tur til kultane. Dette vart ein flott tur i nydelig vær. 42 deltakere på denne turen.

Aktivitetsdag i Hatlevika, 11. juni, er eit populert arr. Då har ein tur, klatrevegg og kano, samt mat. Ca 80 deltok denne dagen.

4. sept gjekk me i trollskogen. Då var det tur, mat og leik i skogen og i bekkane som holdt oss aktive. Då var me ca 50 store og små.

25.9 gjekk turen til Nesjane. Då vart det satt opp to ulike turer(ulike lengde). Ca 50 deltok.

Haustturen gjekk til Myrdalen 22. 10. ca 40 store og små tok turen i nydeleg haustver.

Årsrapport 2016 frå DNT Ung Nordhordland, Aldersgruppa 12 – 14 år, X-Ung

Base Camp Håøy 3.-4.juni

Fredag 3. juni dro 13 forventningsfulle ungdommer og 3 turledere for overnattingstur til Håøy i telt/ lavvo og hengekøye. Transporten gikk med båt. Været var slik man drømmer om; 25 grader, sol og lett bris. Den perfekte ramme rundt den første BaseCamp i Nordhordland Turlag. Nordhordland Padleklubb holdt kajakkurs fredag for halve gruppa, og laurdag for resten av gruppa. Resultat: Våttkort til alle ungdommene! Kveldsbading fredag, matlaging og spising ute, kubbspill, fotball, gjømsel, mye mygg til ut i de små timer. Historier, lite soving og oppvåking til herlig morgensol, og morgenbad laurdag. Etterfulgt av frukost, leking, opprydning, båttransport, kajakkurs og avslutning på Flatøy med mer bading ved kajakk-klubben, samt tomatsuppe og brød til lunsj før hjemtransport. Meget vellykket basecamp for ungdommer og turledere!



Gullhorgabu 10.-11. september

X-ung i Norhordland Turlag arrangerte tur til Gullhorgabu i Bergsdalen 10-11 september 2016. 7 ungdommer i alderen 12-14 år, og 3 turledere dro lørdags morgen avgårde med godt humør og ikke alt for tunge sekker. Været var grått og vått, men det ble mindre regn enn værmeldingen spådde. Ungdommene gikk med lette ben hele veien. Praten gikk livlig og latteren satt løst.

Det er et flott skue når vi har kommet frem og ser hytta som ligger så fint til mellom vannene. Absolutt et sted å anbefale både barnefamilier og alle andre å gå til!

Mange badet i det iskalde vannet ved hytten. På kvelden måtte vi ut å se på en fantastisk regnbue. Vennskap knyttes mens vi løser felles oppgaver. Ungdommene hentet vann, var med på matlaging, kortspill og spøkelses historier. På søndag laget vi tomatsuppe på stormkjøkken og spiste opp all nødproviant. Vi gleder oss allerede til neste tur. Turhilsen fra Hilde, Astrid og Ann Kristin



Aldersgruppa 13 – 17 år:

Gullhorgabu 12-13 mars

Når vi kom til Småbrekke spente vi på oss skia og tok fatt på den herlege turen på omlag 8 km og ca. 250 høgdemeter inn til hytta. Vi brukte om lag 3 timar, i litt røffe værforhold. Framme på hytta kunne vi slappe av inne, og finne på meir moro i snøen ute. Dagen etter vart været litegrann betre, men framleis dårleg sikt, så dårleg at vi ikkje fekk sjå korleis det eigentleg såg ut rundt hytta. Etter frukost og utvask, var gjengen klar for returen, og skituren ned til bilane gjekk uten mykje pauser. Antal deltakarar på turen: 8.



Selhamar 24-25 september

Vi kjørte med privatbilar til Trefall i Eksingedalen der vi starta turen. Det var litt stigning, omlag 300 høgdemeter, i starten av turen. Etter dette var terrenget lettare. Turen inneheld fine variasjonar i landskapet, frå skogkledde lier langs den smale Eksingedalen, via velstelt stølsmiljø og vidare opp i meir oppe fjellterreng. Dette var ein tur i eit grønt og venleg land...skap, der det er mykje vatn og mange bekkar. Frå parkeringa ved Trefall brukte vi omlag 4 timar inntil hytta. Når vi var vel framme lagde vi middag henta frå sjølvbetjeningslageret på hytta. Antal deltakarar på turen: 10.



Årsrapport frå Turprogramnemda 2016:

12 møter der alle tre i nemda har deltatt; Åse-Karin, Sigrid og Kari. Ca 1,5 time i gjennomsnitt. 18 timer brukt på møter. I tillegg til møter har gruppas medlemmer brukt ca 55 timer. Antal dugnadstimar totalt for gruppa: Ca 83.

Årsrapport frå Naturverngruppa 2016

Gruppa har bestått av Asle Hindenes, Øyvind Vatshelle, Birger Tomasgard og Aslaug Ålen. I tillegg har leiar i Laget, Øyvor Larsen møtt. Utvalet har handsama saker som har lokal forankring i samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag.

Saker:

- Konesjon for bygging av ny 300(420) kV kraftleidning Modalen – Mongstad.
- Småkraftpakke Modalen
- Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland – offentleg ettersyn og folkemøte.
- Utbygging Lonena i Knarvik er i arbeid.

For Nordhordland turlag er det viktig å bevare naturen for vår aktivitet og for våre etterkomarar. I utbyggingssaker er tema å tilpasse inngrep i landskapet og å unngå at nye område unødig vert utsett for tekniske inngrep. Turområder i nærområdene er ekstra viktig for folkehelse, som en lavterskel-mulighet. For barnefamilier er det gjerne også slike områder som er tilgjengelige i det daglige (både hverdag og helg), og slike områder er dermed ekstra viktige for å etablere turglede og gode vaner.

Utbygging rundt Lonena i Knarvik vert den første store lokale prøven på om politikarane ser verdien av natur og grøntområde i det som lokalt må reknast som ei bymessig utbygging.

Turterreng i nærmiljøet også for dei store skuleanlegga er viktig.

Presset frå utbyggjar om å få best mogeleg økonomi av utbygginga ligg som motstykke.

Saka er i arbeid og Naturverngruppa har meldt inn ønskje om grønne korridorar mot fjellet og grøn, urørt sektor rundt Aktivitetsløypa og vil delta i prosessen vidare.

Årsmelding Onsdagsturane 2016

Onsdagsturane er framleis den turlagsaktiviteten som får flest ut på tur. Med sine 21 turar i søre delen av Nordhordland + 21 turar i indre delen med samla gjennomsnitt på om lag 50 stykker kvar gong, så vert det vert det 1050 «turgåarar» i løpet av sesongen. Dette året var det ein liten nedgang i deltakartalet i søre delen, medan det i Masfjorden var om lag det same som året før.

Onsdagsturane gjev deltakarane mange kjekke turar og naturopplevingar, samstundes som det er eit fint sosialt fellesskap. Det kjem også til syne gjennom avslutningsmiddagane i oktober; dette året ein «raspeballemiddag» i ungdomshuset på Konglevoll og ein kjekk middagskveld på Stordalen fjellstove. Tilbakemeldingane frå deltakarane går også på at dei gjennom onsdagsturane blir kjent med turar og startpunkt.

Spesielt i år var det å kunna heidra ekteparet Laila og Kolbjørn Reknes som no har gått alle onsdagsturane i 10 år. Ein fenomenal prestasjon. Og i tillegg fører dei statistikk for gruppa i Masfjorden!

Årsmelding Opptur 2016

Dette året arrangerte Nordhordland Turlag OPPTUR for niande gong. Ruta har heile tida vore den same; frå Furubergtunnelen på Seim til Hopsdal og Mundal ved Osterfjorden. Men turgåarane er nye kvart år.

Deltakartalet ligg på om lag 400 stk. elevar frå alle ungdomsskulane i Nordhordland minus Fedje. Turdatoen i år var 4.mai. Men då hadde dei to skulane i Meland fri, så dei gjekk turen 27.mai.

Takk til svært gode hjelparar frå Dørstokkmila og til Nordhordland Røde Kors som kvart år stiller sterkt. Begge turane gjekk utan uhell. Og 8.klassingane er flinke turgåarar og oppfører seg fint!

Samarbeid 2016

Gode samarbeidspartnarar er:

- STRILEN og NORDHORDLAND AVIS som meir enn gjerne skriv om aktivitetane våre
- ATLETEN som gjev 10% rabatt på ordinære varer, til medlemmene i turlaget
- YTRE SOGN TURLAG som vi samarbeider med om den nye Bjørn West-løypa
- DØRSTOKKMILA som er til god hjelp under avviklinga av Opptur
- NORDHORDLAND RØDE KORS som alltid er med på Opptur, og som vi har inngått samarbeidet «Til Topps» med; innvandrere som går med oss på tur, og hvor Galdhøpiggen er målet!
- KNARVIKMILA/ MUSIKKENS VENNER NORDHORDLAND som vi samarbeider med, bla arrangementet på Lyngheisenteret
- STORDALEN FJELLSTOVE/ BERG FRITID ved Arne Berg, som har vore ein god samarbeidspartnar ved fleire høve og som gjev rabatt på servering og overnatting. Og som har halde skredkurs i Stordalen for oss og som har satt i gang arbeidet med stimerking samme stad
- ANNONSØRANE våre i turprogrammet. Dei er viktige for at vi i det heile kan gje ut eit turprogram, så vi oppmodar medlemmene våre å merkja seg desse.
- FRIVILLIGSENTRALEN I LINDÅS som koordinerer prosjekter med stimerking i bl.a Lindås Kommune
- ALVERSUND IL; Orienteringsgruppa som over fleire år har invitert Barnas Turlag NH til samarbeid på den årlege Finn Fram-dagen i mai
- SPAREBANKEN VEST som over fleire år har gjeve oss støtte til Opptur, og VI-midlar(gåvemidlar)
- Kulturmidler som er gjeve oss frå fleire av kommunane i Nordhordland, og som kjem born og unge

Her har vi nemnt ein del viktige samarbeidspartnarar, og det er sikkert fleire som vi ikkje har lista opp. Det berre understreker at eit lag også er avhengig av andre aktørar i samfunnslivet. Omfanget og kvaliteten på samarbeidet er ofte avgjerande for det resultatet målgruppa møter.

Nordhordland Turlag er svært takksam for den hjelp og støtte laget får gjennom slikt samarbeid !